

Då Suleskarvegen opna i 1989, vart også ekspressbussruta Suleskarekspresen opna. Etter 15 års drift vart den avvikla i 2004. Sidan 2004 har det vore ei rivande utvikling i hyttebygginga langs Suleskarvegen og ferdsla har også auka som følgje av stadig betre vegstandard. For Setesdal og Vest-Telemark er dette den viktigaste turiståra etter Rv. 9, E-134 og Telemarkskanalen.

Tokke kommune tok i 2010 initiativ til å søkje KI ordninga i Samferdselsdepartementet om tilskott til å marknadsføre denne bussruta for å auke bulyst i distriktet og styrke næringsgrunnlaget for eksisterande verksemdar. Samferdselsdepartementet løyvde kr 550.000 i 2011 til prosjektet, og vil vera med i ytterlegare 2 år. Alle kommunane langs Fv. 45 er med i finansieringa, saman med Aust-Agder, Rogaland og Telemark fylkeskommune.

### Om ruta:

Du kan reise frå Oslo til Stavanger på morgonen og vera framme tidleg same kveld på andre kanten av landet etter ei ferd rik på opplevingar gjennom fjell og dalar. Det er korrespondanse med bussruter frå Bergen, Haugesund, Tønsberg og Skien i Åmot. Og for ruter til og frå Arendal og Kristiansand i Valle.

For Tarald turist gjev ruta ei rekkje gode turalternativ i Ryfylke og Setesdalsheiane og i kombinasjon med andre ekspressruter opnar heile Hardangervidda seg for han og henne.

For Leopold globetrotter gjev det særigne opplevingar i kombinasjon med båttur i Lysefjorden, på Telemarkskanalen eventuelt med overnatting på ærverdige Dalen Hotel.

For Tore Tang er det fyrst og fremst kortaste og rimelegaste veg i skulen sin sumarferie mellom Stavanger og Oslo.



Frå 15. juni  
til 19. august

# Suleskarekspresen

– snarvegen gjennom fjellnorge

Den kortaste sommarruta mellom Stavanger og Oslo – spekka av naturoppleving.

[www.telemarkbil.no](http://www.telemarkbil.no)  
tlf: 35 06 54 00



Me tilbyr flotte rundreiser inkludert overnatting og båttur.

[www.visittelemark.no](http://www.visittelemark.no)  
tlf. 35 90 00 20

